



Grethe Eidsnes Ro
Eidsnesvegen 132
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2689 - 19/30308

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
11.10.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 215/3 Eidsnes ytre

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 215/3
Tiltakshavar: Grethe Eidsnes Ro
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 18.09.2019 om arealoverføring frå gbnr 215/3 til gbnr 215/66. Bruk av grunn på gbnr 215/66 er bustad.

Planstatus


Eigedomane ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2011-2023 er definert som bustadføre mål.

Tiltaket krav dispensasjon frå kravet til å utarbeide reguleringsplan, jf. KPA pkt. 1.1 samt dispensasjon frå byggje- og deleforbodet i 100 meters beltet til sjø, jf. pbl. §1-8. Det er eit gebyr kr 10.000,- pr. dispensasjon. Synt areal er i våre kartbase vist til ca. 3mål.

Utsnitt situasjonskart, datert 22.05.2019



Utsnitt grunnkart med synt areal



Gbnr 215/66 er i matrikelen opplyst til ca. 1,8mål. Tomta er utifrå det som er kjent i dag tilstrekkeleg i storleik og utnytting for einebustad med hybel/sokkelleilegheit. Med arealoverføringa vert bustadeigedomene nærare 5 mål. Etter KPA pkt. 2.14 er minsteareal for tomteareal til einebustad satt til 650m². For tomannsbustad er det satt eit minimumskrav på 1000m². Det er ikkje satt eit maksimumskrav for tomtestorleik i KPA. Ved å sette 1000m² som tilstrekkeleg for einebustad med hybel/sokkelleilegheit, så vert tomta etter arealoverføringa 5 gonger større enn det som er satt som retningsgivande i KPA. I våre kartbaser er det omsøkte arealet er ubebygd slik at arealoverføringa ikkje gjev tilgang til etablerte bygg på arealet.

Etter en førebels vurdering vert arealoverføringa vanskeleg gjennomførbart og kommunen er negativ til tiltaket. Dersom du vel å trekkje søknaden, påløper det eit gebyr på kr. 1.650,-. For det tilfellet at ein ønskjer å oppretthalde søknaden slik den ligg føre må følgjande på plass:

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Føremålet med arealoverføringa må opplysast- er det til bustadføremål?
2. Det må opplysast kvifor ein ønskjer å overføre arealet til bustadtomta – gbnr 215/66.
3. Det må opplysast storleik på arealet som skal overførast.
4. Dispensasjon frå kravet til å utarbeide reguleringsplan, jf. KPA pkt. 1.1, sjå veileder.
5. Dispensasjon frå byggje- og deleforbodet i 100 meters beltet til sjø, jf. pbl. §1-8, sjå veileder.
6. Eigedomane i området er uregulert og ligg innafor 100-meters beltet mot sjø. Det er viktig at naboar vert varsla om at tiltak i området krev dispensasjon frå pbl. §1-8 og dispensasjon frå plankravet. Dispensasjonane skal nabovarslast, sjå vedlagte naboliste som skal nyttast. Heimelshavar av gbnr 215/11 er i matrikkelen registret som død og det er ikkje oppgitt anna kontaktinformasjon for eigedomen i matrikkelen. Det gis fritak for å varsle gbnr 215/11.
7. Heimelshavar av gbnr 215/3 har signert søknaden. Vi må ha signatur på søknaden frå eigar av gbnr 215/66 Svein Atle Vestervik eller ein fullmakt, e-post frå eigar eller liknande som stadfestar at gbnr 215/66 er kjent med tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn **samla innan 04.11.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon - veileder
Naboliste - gbnr 215_66

Kopi til:

Grethe Eidsnes Ro

Eidsnesvegen 132 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Grethe Eidsnes Ro

Eidsnesvegen 132 5913

EIKANGERVÅG